

## Flott og viktig rydjingsarbeid!

14.02.2017



Ikkje rart sola skin på så viktig og godt arbeid!

**Svært mange stader er vi vitne til at tre og buskar gror opp i vill vekst. Dette er ofte svært uheldig mellom anna på grunn av at det øydeleggjer vakker utsikt for folk. Heldigvis er det nokre som tar arbeidet med å rydja slike plasser. I det siste har vi lagt merke til ei flott oppsjaining i området overfor busstoppet innanfor huset til Berit og Kåre Guddal.**

Her var det i ferd med å veksa opp tett i tett med buskar og små tre. Om få år ville dette vore stor og tett skog, og det ville vore til hinder for den vakre utsikten til mange av dei som bur i indre del av Halsabråtet byggjefelt. Heldigvis er det nokon som gjer noko med det. Magne Grindheim har no stått på som ein flittig maur og saga og klipt vekstane ned. Det viser godt att!! Dette har han gjort etter avtale med eigarane, og no vert det ope og flott der. Området er eigd av Torbjørn, Terje og Egil Myklebust og Berit Guddal.

Det er også andre stader i Uskedalen der det no gror kraftig opp og hindrar utsikt. Dette har også vore tema på ope møte i Uskedal Utvikling. Kanskje Magne Grindheim sin innsats kan inspirera andre til å gjera ein liknande innsats andre stader i bygda?

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland